



ÅRSMELDING 2016

FOR

IDRETTSLAGET TRIO





Årsmøte 2016, søndag 26. mars 2017 kl 16:00 på Trio-huset

SAKSLISTE:

1. Godkjenning av stemmerett
2. Godkjenning av innkalling inkl. saksliste
3. Valg av ordstyrer og sekretær
4. Valg av to personer til å underskrive protokollen
5. Årsmeldinger
6. Regnskap/budsjett
7. Innkomne forslag
8. Medlemskontingent
9. Valg
10. Utdelinger

ÅRSMELDING HOVEDSTYRET - 2016

Hovudstyret

Knut Prestnes, leiar
Hanne Larsen, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserer
Knut Årthun, sekretær
Anne Kari Enes, styremedlem
Aud Berit Eide, varamedlem (trekt seg frå august 2016)

8 styremøter er avholdt i 2016. På 2 av møtene deltok også gruppelederne.

Av saker som har vore behandla i styret i 2016 kan nevnes:

- Innføringen av nytt elektronisk medlemsregister, KlubbAdmin, er gjennomført med Årstein Eik som prosjektleder.
- Ny Samarbeidsavtale med MX Sport frå 01.01.2017. Fotballgruppa har hatt oppdraget med denne Avtalen.
- Etablert oversikt over gyldige politiattester for trenere/instruktører.
- Vedtatt felles regler for honorering av trenere/instruktører.
- Samla forsikringene til IL Trio i et selskap for oppnåelse av maks. rabatt.

Ny Flerbrukskall

Forprosjekt for ny flerbrukskall på Husnes ble etablert i desember 2015 i samarbeid med Kvinnherad Handballklubb og Kvinnherad Kommune. Forprosjektet er finansiert med kr 100.000 fra hver av deltagerne.

Målet er en ferdigstilt idrettshall sommeren 2019. Fremdriften er god. Anleggskomite er etablert og ajourførte krav/behov skal spesifiseres innen primo mars 2017.

Jubileumsbok

IL Trio er 75 år 27.01.2021. I den anledning har Hovedstyret igangsatt arbeidet med ei jubileumsbok. Boknemda består av Ivar Vaage, Olav Sæbø, Jostein Røstbø og Knut Røyrvik. Nemda er godt i gang med arbeidet.

Økonomi

IL Trio har en sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene. Viser ellers til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnere for et godt samarbeid.

Dugnadsinnsats

Det er fremdeles glimrende dugnadsinnsats i Trio. Bl.a. «onsdagsgjengen» er et veldig godt eksempel.

Aktivitet / medlemstall

Det er god aktivitet i gruppene, noko årsmeldingane frå dei einskilde gruppene syner.
Totalt medlemstall pr 31.12.2016: 706

Nettsida

Styret vurderer nettsida som svært god og nyttig. Største utfordringa er å få til et godt samspel med sosiale media som for eksempel Facebook.

Etter mange års fremragende innsats takker nå redaktør og administrator Are Ulseth for seg.

Styret vil takka alle medlemer, trenrarar, leiarar og tillitsvalde for godt utført arbeid i 2016.

Husnes, 12.03.2017

For styret

Knut Prestnes

Leiar

ÅRSmelding TríoHuset 2016

Runar Blokhus har sete aleine med ansvar for TríoHuset i 2016. Rita Larsen har ført regnskapet og hatt ansvar for inn- og utbetalingar.

På våren fekk vi fått frå Sparebankstiftelsen til nye lys i storsalen. Og på hausten fekk vi og ei fått frå dei til kjøp av nye bord og stolar til storsalen. Onsdagsgjengen har vært flinke å mala tak og vegg i storsalen.

Det er og lagt inn fiber i huset frå Kvinnherad Breiband.

Huset har vore jamt utleid til private arrangement, og til Nav som har leigd huset til kurs på dagtid.

På hausten arrangerte Rita Larsen og Hanne Larsen til den «årlige» TríoHusbasaren med god hjelpe frå Runar og Henning Haga.

Runar Blokus

Årsmelding Trio Turn 2016

Styret i turngruppa består i 2016 av:

Marianne Eidsvik Rørvik (leiar)

Anneli Rønstad (klubbadmin, utstyr)

Eirin Gravdal (rekneskap)

Nina Thorkildsen (medlem)

Beate Ingvaldsen Høydal (medlem)

Kjersti Veastad (medlem)

Vi hadde oppstart for desse turngruppene i september 2016.

- Foreldre og barn – 3-4 år på Sunde, instruktører: Trude Finnebotn og Geir Arne Seglem.
- Gymleik – 4 år på Husnes, instruktører: Kate Wallentinsen og Beate Røssland.
- Gymleik – 5 år på Husnes, instruktører: Kristi Saghaug og Anna Kathrine Bjelland Mathiesen.
- Idrettens grunnstige – 6-7 år på Sunde, instruktører: Anneli Rønstad, Heidi Vimme og Anne Kari Enes.
- Idrettens grunnstige – 8-9 år på Sunde, instruktører: Anneli Rønstad, Miriam Hartveit og Anne Kari Enes.
- Tumbling – 10-11 år på Husnes, instruktører: Aleksander Vangen og Kjersti Veastad.
- Tumbling – 12-14 år, på Husnes, instruktører: Aleksander Vangen og Kjersti Veastad.

Det er 151 medlemmer fordelt på desse partia.

Anneli har gjort eit stort arbeid med å få registrert alle medlemmene i Minidrett.

I oktober fekk vi kr 80000,- frå Sparebankstiftinga til ny tumblingmadrass, matter og litt anna turnutstyr.

Vi hadde juleoppvisning i Idrettshallen. Dette er eit viktig arrangement som gir oss gode inntekter fra billettsalg, loddssalg og kiosksalg. Vi fekk god hjelp frå foreldra med både loddssalg og kakebaking.


Tumbling er noko som har blitt veldig populært. Turngruppa har derfor jobba med å få på plass fleire instruktørar, for å få til et større tilbud. Frå hausten av får vi sikkert til eit parti til med tumbling.

Kraftig nedgang for www.il-trio.no

Nettsida til IL Trio har vore aktiv i 12 år, etter at den vart etablert vinteren 2005. Det har i lengre tid vore stabil og høg aktivitet på nettsida, både i form av nyhende og informasjon, og i form av lesarar. På dei to siste åra har begge deler vorte kraftig redusert.

Figuren til høgre viser at ein tradisjonelt har hatt om lag 450 nyhende på sida kvart år, noko som i snitt betyr oppimot 1,5 ny sak kvar dag. Det er i hovudsak fotballgruppa som har vore bidragsytar, så aktiviteten har vore høgast i fotballsesongen. Men stort sett har det vore få dagar i året det ikkje har vore noko nytt å lese på sida.

Dette har endra seg kraftig over dei to siste åra. På denne tida er det **40 % færre nyhende** enn kva det var i 2014 og åra før.




Det er pr i dag veldig få i klubben som bidreg jamnleg til nettsida. To trenarar med mange jern i elden har gjeve referat frå alle kampar med sine lag, men elles har det vore moderat. Heller ikkje der ein har hatt lag på høgaste nivå i haustsesongen (G16 og G13) har det vore faste referat frå kampane. Og ein har berre sporadisk hatt referat frå A-lagskampane på herresida. Samarbeidslaget på damesida har aldri vore omtalt.

Verken fotballstyret, andre grupper eller hovudstyret brukar nettsida i særleg grad til informasjon. Dømesvis vart saker som 70-årsjubileum, tilsettjing av ny A-lagstrenar, nye spelarar til klubben, samarbeid med andre klubbar, knapt nemnt på Trio si nettside.

Dei siste tre åra har vi også brukt ei støtteside på Facebook til å linke når det vert lagt ut nyhende på nettsida.

Facebooksida brukast også til ein god del liveoppdatering under kampar. Under Norway Cup var det formidabel interesse for dette. Nesten 900 menneske følgjer Facebooksida pr i dag.

Dette har likevel i liten grad bidrige til å oppretthalde lesartala på nettsida. I likskap med antal nyhende, er **også lesartala gått med med 40 %** på to år.



Det er positivt at lag nyttar eigne lukka Facebooksider til intern informasjon til spelarar og føresette, men derimot ei uheldig trend at lag og grupper opprettar eigne opne sider på Facebook i staden for å bruke den felles og offisielle kanalen. Dette burde hovudstyret gripe tak i, då det reduserer fellesskapskjensla, samstundes som kvar ein når ut til langt færre.

Underteikna har ønskt avløysing frå rollen som nettsideansvarleg i halvanna år, utan at det er funne nokon til å overta. I haust har eg i stor grad lagt bort mitt arbeid med nettsida. Lagleiarar som har vist interesse har fått opplæring i å sjølv publisere stoff. Det er positivt, men har i liten grad gjeve resultater i form av nyhende.

ÅRSMELDING TRIO FRIIDRETT

Friidrettsgruppa har teke eit steg tilbake i 2017, for å gradvis bygge seg opp att. Det vart ikkje fokusert på å arrangere større stemner, men på å etablere aktivitet og få struktur i gruppa. Nokre nye er kome inn i friidrettsstyret og det vart vald ny leiar på årsmøtet i mars 2016.

Styrearbeid

Det har vore 5 styremøter gjennom året, nokre tilknytta arrangementsførebuing. I tillegg har vi avhalde ope møte om friidrett på Triohuset, og i oktober hadde vi eit samarbeidsmøte med alle idrettslaga i Kvinnherad.

Tronn Urdshals har teke på seg verket som materialforvaltar og har gjort ein framifrå jobb både med oppfølging av Husnes stadion og ikkje minst med orden og system i garasje/redskapshuset. I styret elles har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Randi Jensen (idrettsmerke), Dagfinn Jensen, Reidar Jensen, Gunnar Helland og Arne Ingar Myhre. I tillegg var Tone Henriksen med ein periode, før ho flytta vekk frå kommunen. Det er trong for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem.

Informasjon

Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår.

Treningar

Etter at ansvarleg for treningar for born dei siste åra flytta våren 2016, vart det vanskeleg å oppretthalde aktiviteten. Men Ingunn Sæverud Jensen tok etter kvart på seg ansvaret for dette i haust og det har kvar veke vore halde treningar for aldersgruppene 6-10 år, helst delt i to etter alder. Seinhaustes og til vinteren har desse treningane gått føre seg på Sunde skule. Deltakinga har vore noko variabel.

For eldre utøvarar har det ikkje vore etablert organiserte treningar. Men i fellesskap med Triathlon-gruppa har ein gjennom heile året hatt løpstreningsar kvar onsdag kveld og søndag føremiddag. Fleire av deltakarane her er aktive deltakarar på løpskarusell, mosjonsløp og marathon.

Friidretsmerke er det stadig mindre interesse for, særleg blant dei yngre. Det har ikkje vore råd å få til noko særleg opplegg rundt dette og berre eit par godt vaksne utøvarar har teke merket.

Arrangement

Terrengløpskarusellen vart avhalden for tredje året på rad. I 2016 vart den utvida med fleire arrangørklubbar og til 5 løp. Det var løp i både Åkra, Rosendal, Uskedal, Herøysund, før karusellen vart avslutta med Kvinnheradmeisterskap i Husnes idrettspark. Her var det 70 deltakarar, og vi ser at vi har potensiale for meir. Totalt i terrengkarusellen var deltakarantalet mykje høgare, dømesvis skal det ha vore oppimot 250 deltakarar på Åkraløpet.

Triostafetten vert normalt avhalde på vårparten, men grunna kollisjonar med andre arrangement, vart den flytta til 3.september. Deltakinga var ikkje så god som vi håpar på. Totalt var det om lag 100 deltakarar. Halvparten var i rekruttklasse opp til 10 år, der 11 lag a 4 utøvarar sprang 4x60 meter. Alle lag sprang to løp før det vart premierung til alle. I ungdomsklassen var det totalt 7 lag a 6 deltakarar. Rosendal vann guteklassen føre Trio sine to lag, medan Uskedal vann jenteklassen. Det var påmeldt eitt damelag, men dei trekte seg grunna mangel på motstand. I herreklassen var det kun

to deltagande lag, och med suverene Sindre Solbakken Omvik på försteetappen var Rosendal sin siger aldrig truga. Trio sitt rutinerte lag tok andrepllassen.

Vi ser at god planlegging og promosing er viktig for å få gode arrangement og betre deltaking, og vi er allereie i gong med å førebu og reklamere for årets stafett, som går av stabelen 1.mai.

Bruk av anlegget

Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til treningar/gymtimar og til ulike arrangement. Ungdomsskulen brukar også garderobeanlegget på Triohuset.

Eit par av kommunens mest lovande løpstalent frå Rosendal Turnlag, med Sindre Solbakken Omvik i spissen, har fått nytta bane- og garderobeanlegget til treningar gjennom året.

Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Ikkje minst er Trioløypa, turløypa rundt idrettsparken, veldig populær og blir nytta av fleire titals menneskjer kvar dag.

Økonomi

Etter å i mange år har hatt så liten økonomi at den har gått inn i hovudlaget sitt rekneskap, vart det midt i året oppretta ein eigen konto for Trio Friidrett. For 2016 er rekneskapet ganske lite, men vi satsar på å få meir inntekter og ha betre fokus på kostnadene i tida som kjem. Både med deltaravgifter, contingent, kiosk på arrangementa og noktern premierung på arrangementa.

Planar

Vi har gjennom hausten og vinteren starta planlegging av Løveleiker, i saman med Lions Kvinnherad og Lions Stord/Fitjar, tilknytta deira 100-årsjubileum i 2017. Dette skal bli eit friidrettsstemne for fysisk og psykisk utviklingshemma, og målet er at det blir eit årvisst arrangement, annakvart år på Husnes og på Stord.

Vi må elles få til treningar også for born 11 år og eldre og gje tilbod til utøvarar som vil spesialisere seg i ulike greiner. Det er også trond for å få til seriestemner på planmessig basis.

Samarbeid

Som over nemnt har vi starta eit samarbeid med Lions om å arrangere Løveleiker.

På samarbeidsmøte med idrettslaga vart det diskutert samarbeidsformer for friidrettsgruppene, i hovudsak for utøvarar frå 13 år og opp til senior. Her er det ofte spesialisering i ulike greiner og dei som vil satse på idretten blir ofte einsame i trening og med begrensa trenarressursar. Med samarbeid i form av eit Folgefond Ski&Friidrett er det tenkt å gje eit betre sportsleg tilbod og etablere ein meir profesjonell organisasjon med trenarkrefter, felles trening og eigne sponsormidlar. Tanken er at dette fungerer som ei overbygging mellom idrettslaga og at utøvarane i tillegg er medlem på normalt vis i eige idrettslag. Trio si friidrettsgruppe er positive til deltaking her, sjølv om vi pr i dag ikkje har utøvarar i kategorien.

For Trio Friidrettsgruppa,
Leiar Are Ulseth



Årsmelding for IL TRIO symjegruppe 2016

Fylgjande har vore med i styret:

Leiar:	Geir Sverre Andreassen
Nestleiar:	Elaine Vågen
Skrivar:	Frank Kronstad
Kasserar:	Knut Digranes
Styremedlem:	Tonje Gravdal
Styremedlem:	Roald Vigrestad

Medlemstal:

Symjeklubben har hatt 120 medlemmer, 81 av desse var med i symjeskulen. Trenerar har vore: Kenneth Blom, Geir Sverre Andreassen, Roald Vigrestad, Ronny Gudding og Ella Therese Gudding.

Det har vore fleire utskiftingar og endringar i symjeskulen etter sommarferien. Vi er no ein positiv og godt samarbeidande instruktørgjeng der Tonje Gravdal er ny symjeskuleansvarleg, nye instruktørar er: Ann Helen Collins, Marit Holtermann, Ella Therese Gudding og Silje Teigen. Desse er fortsatt med: Roald Vigrestad, Kurt Petterson og Geir Sverre Andreassen. Me har i tillegg nytta ungdomane Morten Bjørsvik, Håvard Hope, Imam Eldi og Sebastian Blom som hjelpeinstruktørar.

Anita Grude, Frank Kronstad og Elaine Vågen var med fram til sommaren.

Det har vore gjort eit stort arbeid med å få registrert medlemmer i Minidrett og tryggivann (vert nytta i samband med symjeskulen).

Aktivitet:

Styret har hatt 7 styremøter, 3 av desse var også trenarmøter.

Symjeklubben har i samarbeid med Kvinnherad røde kors hjelpekorps hatt 1. hjelp og livredningskurs i bassenget for 19 av våre medlemmer- vaksne og ungdom.

Symjeskulen har arrangert eitt begynnars instruktørkurs for eigne og eksterne instruktørar. 5 instruktørar har vore på vidaregåande kurs i Arna. Me har no fått etablert ei positiv, velutdanna og engasjert instruktør/trenargruppe i symjeklubben.

Det har vore ei målsetting for å få etablert symjeskulen, både for å ivareta breidda og for å rekruttera nye symjarar til symjeklubben på sikt.

Symjeklubben vart trekt ut som vinnar av gåvekort pålydande 5000 kroner, for beste stand på fritidsmessa som var arrangert i kulturhuset på Husnes 9. april. Sebastian Blom, Håvard Hope, Anita Grude og Tonje Gravdal representerte symjeklubben.



Det var gjennomført to kurs gjennom Svømmeaksjonen som er eit samarbeid mellom Gjensidige stiftina og Norges svømmeforbund.

Me har delteke med ein domar på Kværner swim cup og vore på 2 approbert symje stemner og 3 uapproberte symjestemner.

Juleavslutninga var ein stor suksess, den vart innleia med symjestemne i symjehallen deretter fylgde premieutdeling og fest i TRIO huset. Der var det dekka til 123 personar og kvar ein stol var oppteken.

Det må også nemnast at symjeklubben fekk pengegåve frå Sparebank 1 stiftinga på 100 000 kroner, gåva er/vert nytta til «oppgradering» av symjeklubben; nytt banetrenings ur, instruktør kurs, innkjøp av symjeføter, medaljar/premiar med meir.

Det er starta arbeid med å skriva jubileumsbok for idrettslaget, Ove Johansen har i den samanheng gjort ein fantastisk jobb med å rydda, systematisera, skriva og arkivera frå gamalt symjemateriell som har lege i pappøskjer og plastposar i kjellaren til TRIO huset.

ÅRSMELDING IL TRIO VOLLEYBALL 2016

Styret i IL Trio Volleyball har i 2016 bestått av følgjande personar :

Leiar :	Einar Opdal
Nestleiar :	Cathrine Skogseth
Sekretær :	Unn Tone Håvik Eikeland
Kasserar :	Javier Araya
Styremedlem :	Tone M. Lillesletten (dognad)
	Randi Elisabeth Bjelland. (kontakt til krets og forbund)

Det har vore styremøter ca. kvar femte veke. Styret har koordinert den sportslege aktiviteten i gruppa, jobba med inntektsbringande tiltak og hatt til intensjon å utvikla volleyballgruppa videre. Ambisjonen er å byggja opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Samarbeidet i styret har fungert svært bra og det har vore avvikla møter både med trenrarar, oppmenn og foreldre. Det er eit ynskje at vi kunne hatt enno fleire personar som er villige til å ta på seg større og mindre oppgåver. Mellom anna gjeld dette marknadsarbeidet då det her heilt klart ligg eit potensial utover det som gruppa utnyttar pr. i dag.

Sportsleg var sesongen 2015 – 2016 ein sesong med fokus på rekruttering og breidde framfor resultat. Det var stort at damelaget vann 2. div i Hordaland. Dei andre laga hadde fokus på langsiktig oppbygging og fekk gode resultat, likevel ikkje heilt i toppen. Rekrutteringa på jentesida har vore god, diverre vart gutar-13 lagt ned i løpet av sesongen.

Volleyballgruppa har som mange andre ei utfordring med å skaffa inntekter. Gruppa har ein trygg økonomi. Hovudinntektskjelda er dognadsarbeid, der tilsynsvakt i Husneshallen er den største inntekstposten. Volleyballgruppa fekk kr. 25.000.- i tilskot til utstyr frå Sparebank1-stiftinga. Trio fekk i 2016 HVBK sitt ungdomsstipend på kr. 3000.- for god rekruttering i aldersbestemte lag. Trio var godt representert på HVBK sin sommarleir i Øystese 8. – 12. august 2016. Det har vore arrangert 2 interne turneringar (vår og haust) med godt frammøte. På haust-/juleturneringa var det 55 yngre spelarar fordelt på 6 lag .

2.divisjon damer

Trenrarar har vore Robert Haugland og Stian Petterson , ein styrke å ha to trenrarar. Laget treng ein oppmann for neste sesong. På treningane har det vore fokus på situasjonar og øvingar kor ein enkelt kan forbetra og forsterka laget. Det har vore fokus på fysisk trening som har gitt framgang på kondisjon, uthald og spenst. Oppmøte på treningane har vore bra og spelarane er pålagde eigentrening.

Laget har bestått av : Katarina Kucerkova (Kapt), Renate Engelsen, Katja Hoffman, Christine B. Skogseth, Amalie M. Ynnesdal, Malin H. Tungesvik, Trine Sundfjord, Susann Olsen Haga, Madel Holmedal .

Laget mister spelarar kvart år og det er behov for rekruttering av nye . Vi mister ytterligere to spillere til neste sesong og ser oss nødt til å ta opp fleire spelarar fra yngre divisjoner. Fleire U17 spelarar har vore med oss på trening og vi ser at nivået er bra. Vi har en avtale med Sille Tars om at desse jentene kan vera med å trenere hos oss. Kanskje må vi ta dette enda litt lengre og sjå på mulighetene for ei mer permanent og langsiktig løysing.

Resultater

Målsetninger for 15/16 sesongen var å vinne 2.divisjon. Ranking-turneringa var unnagjort tidlig på høsten og en 2. plass her skaffet oss et godt utgangspunkt. Ein jamn og spennande sesong for topp 3 laga Trio, Nyborg og Rossvoll vart for Trio damene avgjort i siste kamp på heimebane. Kampen ble vunne komfortabelt 3-0 og Trio damene kunne dra i land seriegullet og tittelen **Seriemeester 15/16 i Hordaland.**

Ei anna målsetjing var å etablira to U19 spelarar fast på damelaget. Katja Hoffman og Amalie Ynnesdal har reist med damelaget heile 15/16 sesongen og mot slutten av sesongen var begge jentene fast på laget. Dei har vore med på alle kampane i 16/17 og er godt etablert.

Saman med trenarane sette damene seg som mål å vinne ligaen sesongen 16/17. Dette skal vi oppnå med fokus på fysisk trening, spilleglede og teambuilding. Etter avslutta seriespel er Trio på toppen av tabellen. Rankingturneringa for 2. div. på Husnes 12. mars vil avgjera endeleg plassering. Damene er motiverte og moralen er god

Kurs:

Ny trenerløype er påkrevd etter januar 2017.

Trenarane for 2.divisjon skal gjennomføre «Ungdomstreneren», «Trener 1» og «Trener 2» Robert Haugland har gjennomgått «Ungdomstreneren» og «Trener 1»

Jenter U17

Årsmelding for Trio J17

Me er ein stabil og fin gjeng på 17 jenter som har vore saman dei siste åra. Me har delteke med to lag som har spela i 2 divisjon og 3 divisjon. Trio 1 har lege på vippa til 1 divisjon, så me gler oss over sportsleg utvikling. Somme av jentene har byrja å trenere litt med damelaget. Dei treng utfordringar og det har dei etter kvart fått meir av.

Trenarane har vore oppteken av å bygge eit sosialt og kjekt miljø, og årets høgdepunkt var trening/sosial tur til Tallinn der samtlege jenter vart med. Jentene har jobba dugnad og stått på for å få vera med.

Ei fantastisk flott gruppe!

Gro Rusten Saghaug og Sille Tars.



Årsmelding for Trio G15 og G17

Me har prøvd å starta opp eit volleyballtilbod for gutter, og me har hatt god deltaking på treningane. Kvar måndag har det vore treningar for G15 først og så for G17 etterpå. Me har vore ei stabil gruppe, med til saman 20 stk. Me manglar trenerar til å følge på seriehelger, så dei har kun trent denne sesongen. Forhåpentlegvis kjem det trenarkrefter til som kan syta for nytt liv i volleyballen på guttesida.



Kjekke gutter!

Gro

Jenter U15.

Trenarar har vore Javier Torres Araya og Karen-H Kloster. Trio sitt U15lag har denne sesongen bestått av rundt 14 jenter. Forrige sesongs U13lag "rykka opp" og slo seg saman med U15jentene. Ganske tidleg i haust gav fire rutinerte jenter seg grunna omprioriteringar, samtidig fekk vi nye spelarar inn i gruppa. Dette gjorde at vi etter første serierunde bestemte oss for å fortsette sesongen med to lag. Eit toppa lag som satte seg som mål å rykke opp i 1.div, og eit lag som har hatt som mål å finna lagkjensla og forstå volleyballspelet. Vi har til ein viss grad nådd måla vi sette oss. Jentene i 2.div har utvikla seg til å bli eit samkøyrt, positivt og kampglad lag. Potensialet er stort, dverre har eit par av jentene slitt med skader. Med liten spelarstall har vi blitt sårbare i serierundane. Skuffelsen var derfor stor då eine leggaren måtte gje seg etter to kampar no i siste runde, og dei ikkje klarte målet om å bli best i 2.div. 3.div laget har opplevd glede ved å få til spelet og saman vinna kampar. Vi har ein jobb å gjere for å styrke trenings- og lagmoralen hos nokre av desse jentene. Den utfordringa tar

vi og gler oss til fortsettelsen. Jentene kjem sterkare tilbake neste sesong, og takkar for denne gong.
-Karen K

Jenter U13

Det er starta opp trening for nytt J-13 lag haust 2016. Trenarar har vore Mari Steinsland og Weronica Kudtaczak. Grunna skade på ein trenar, så har desse jentene trent i lag med jenter U-15.

Gutar U13

Grunna mangel på trenar har dette laget ikkje starta opp haust 2016.

Sandbane – dugnad.

Volleyballgruppa har delteke med dugnad på den nye sandbanen. Den vil vera eit viktig tilskot på sandvolleyballfronten.

Framtidsutsikter.

For sesongen 2016-2017 hadde Trio påmeldt 1 lag 2. div. kvinner, J-19 (1 lag), J-17 (2 lag), J-15 (2 lag), J-13 (1 lag), G-13 (1 lag). For sesongen 2016/2017 har Trio ansvar for 2 arrangement for HVBK (12. mars : Ranking for 2. div. kvinner. Yngre seirerunde for U-17 2. april.

Damelag i 2. div. samt god kvalitet i yngre årsklassar gjev eit godt fundament for framtida på damesida. Det har kome fleire gutar i alder for G-15 og G-17 på trening haust 2016. Gro har gjort ein stor innsats for desse, men vi treng faste trenarar for at dei skal bli etablerte lag. Lukkast vi med å få trenarar til desse, så kan dei bli eigne lag og rekruttering til eit seniorlag i framtida.

Denne sesongen har dugnadsarbeid vore hovud- inntektskjelda. Gruppa har eit nøkternt kostnadsnivå der trenarinnsatsen er basert på frivillighet. Dei største kostnadane er relatert til reiser og deltaking i turneringar / seriespel.

For å kunne vidareutvikla volleyballgruppa er det eit sterkt ynskje å knyta til seg meir ressursar, dette gjeld både trenarsida og til styre og andre funksjonar. Mykje arbeid blir no lagt ned av nokre få nøkkelpersonar, for å kunna skapa grunnlag for langsiktig drift er det viktig at oppgåver kan bli fordelt på fleire personar.

Den støste utfordringa framover er nye trenarar og nyrekruttering av spelarar.

Volleyballgruppa har vore engasjert i planlegging av ny idrettshall og ser fram til den kjem. På vegne av volleyballgruppa håpar me å kunna by spelarar, trenarar og andre støttespelarar på mykje moro også i 2017 og vidare. Takk til alle foreldre og andre som har bidrige på dugnad og publikum som møter trufast opp på heimekampane i Husneshallen.

Sunde 27. febr. 2017

IL Trio Volleyball

Styret.

Årsmelding fotball gruppa 2016

Styret:

Kjell M Eide	Leiar
Trond Thorsen	Nest leiar og A-lags ansvarlig
Marius Nissestad	Sekretær og medlemsregister
Svein Egil Heimvik	Ungdomsleiar
Merete Hersvik	Økonomi ansvarlig
Jarle Håvik	Jente og Sponsor ansvarlig
Sindre Grønningen	Styremedlem/Arrangement A-lag

Andre sentrale personer utover styret:

Are Ulseth	Overgangs ansv, Klubb dommer ansv, Husnes Cup, osv.
Anita Åkre Hauge	Kiosk/arr ansv, alle arrangement inkl Husnes Cup
Hanne Larsen	Sponsor +Husnes Cup.
Jan Olav Madsgård	Utstyr ansvarlig
Tor Arne Sunde	Buss og anlegg ansvarlig.
Oddvar Eikenes	Dommer ansv.

Valkomite:

Valkomite IL Trio

Styrets årsmelding

Det har vore eit godt men hektisk år. Som kjent vart det litt turbulent på hoved årsmøtet i fjor under valg av nytt styret i Trio og spesielt fotball gruppa. Eivind som nest leiar valgte å gå ut av styret. Ellers valgte Anita å gå ut av styret, men har fortsatt sin enorme innsats som arrangement og kisok ansvarlig. Svein Egil fortsatte som ungdomsleiar men har hatt svært travelt i jobben slik at han periodevis har hatt vanskelig for å fylle den tunge jobben som ungdomsleiar. Men med godt samarbeid i styret og stort engasjement frå alle i styret og gode støtte spelarar er vi tross alt godt fornøgd med det som er blitt utført. Det var reist ein del spørsmål til økonomien i gruppa og manglante sponsor, skilt reklame osv. Det vart forventa av årsmøte at nytt styre skulle gripa fatt i dette straks. Jarle og spesielt Hanne har gjort ein formidabel jobb med dette og har i løpet 2016 tegna nye avtaler for nærmare 300.000.- Vi vil uttrykka ein ekstra takk til våre hovedsponsorer som er Harding(no Palfinger), SKL, Sparebanken Vest og BKS. Dette er stort sett 4 årsavtaler så dvs at vi vil få mest igjen frå dei i åra som kjem, då utgiter til etablering osv. kjem i år mens ein kun «hauster» dei neste åra. Nytt medlemsregister har og vore ein omfattande og arbeidskrevande oppgave å få på plass. Vi kom som vi frykta veldig seint ut med innkreving av medlems og treningsavgift. Dette har ført til at inntektene er noko mindre i år enn fjor året. Men no når systemet er etablert vil vi få ein mykje lettare

og betre innkreving av desse avgiftene. Ny utstyrssavtale for klubben er og inngått med MX sport som leverandør og Nike som merke leverandør. Det er plukka ut ein rio kolleksjon som snart er for salg i butikken.

Arrangement

Fotball gruppa hadde det tekniske ansvaret og fekk alle inntektene for motivasjonsseminaret med Dag Otto dette gav eit flott overskot. Det er arrangert Trio cuper, som er våre innendørs cuper for alle lag under 16 år. Totalt 4 cuper med Are som primus motor. Fotball skulen arrangerte vi rett etter skule slutt i juni. Husnes Cup vart som vanleg gjennomført rett etter skulestart i august med godt ver og glimrande gjennomføring. Husnes Cup er kanskje det som set Husnes mest på kartet i gjennom året. Og berre positive tilbakemedinger til arrangøren med eit vel dreve arrangør korps. Til og med ordføraren vart reве med i opptoget til sentrum med «galne damer» på laste planet. Elles vart sesongen avslutta med seminar Trio fotball 2020 og på kvelden hadde vi børsta støv av Triofesten. Med rundt 50 deltakere var dette ein kjekk avslutning av sesongen.

Økonomi

Styret føler vi har hatt god kontroll over økonomien i gruppa og leverer eit flott overskot. Detaljer sjå reknskap. Merete har gjort ein god jobb med økonomien, men vi ser at vi ønsker meir involvering og meir bidrag til å etablere bedre rutiner rundt økonomien vår. Det skjer og ting i forhold til kontant salg osv. Vi må få på plass nye betalingsordninger som Vipps el. relativt raskt i 2017. Inntektene våre er blitt veldig fotball relaterte dvs at inntektene kjem største parten frå idretten vår som cuper osv. Selvfølgelig med Husnes Cup som den største bidragsyteren, men fotball skule, innandørs cuper osv gir og sine gode bidrag. Dette at vi ikkje er avhengig å selja lodd og dugnader i øst og vest for at økonomien skal gå rundt er veldig positiv. Vi ser fortsatt eit potensiale på sponsor sida, sjølv om grunnlaget er lagt. Vi har og eit ønske om å komme i gang med fleire aktiviteter mot barn og ungdom som kan gi oss økte inntekter. Men det vil uannsett vere for å auke og bedre den sportslige aktivitetten vår.

Sportslig

A-laget rykka som kjent ned i frå 4 div. Vi visste at det kom til å bi ein tøff sesong då serie systemet skulle leggast om og halvparten av laga skulle ned ein divsjon. Vi kom veldig skjeivt ut starten av sesongen, men leverte ein bra haust sesong. Vi har ikkje hatt Jr lag i serien, men treninger vart starta opp i haust med godt oppmøte. På gutte nivå(15-16 år) hadde vi 4 lag. Med samarbeid med Halsnøy på lag 1 og lag 2 frå hausten av. Lag 1 kvalifiserte seg til 1 div og hevda seg godt der. Vi valgte å takke nei til opprykk for G14 laget og heller valgte å flytte dette opp i 15 årsklassen pga spelar og trenar situasjonen. G14 laget gjorde og ein svært god figur under Norway Cup med ein strålende 2 plass. Ellers er vi svært nøgd med samarbeidet mellom desse 4 laga i forbindelse med kampavvikling osv. G13 rykkte opp til 1 div etter vårsesongen og viste at det riktig og hevda seg godt. Vi har hatt totalt 27 registrerte lag i serien. Egentlig nokon fleire då dei yngre laga gjerne stiller fleire lag i mini

cupane. Men av desse 27 laga har det kun vore 3 reine jentelag. Dette er ikkje godt nok og må jobbast med og aukast monaleg dei kommande sesongane.

Dommere vAre

Trio har i fleire år vore utan dommarkontakt, men i år som tidlegare har Oddvar Eikenes og Are Ulseth følgd opp dommarane etter beste evne. Dommarsituasjonen i Kvinnherad er tidvis prekær, men akkurat i Trio er det likevel betre enn på fleire år. Gebyret for mangel på dommarar vart i 2016 mindre enn vanleg, og vi har hatt tre aktive dommarar som har dømt i seriespel for ungdom og senior. Isaac Jørgensen har hatt 19 oppdrag, Per Jarle Haugland (busett på Stord) har 16 og Miomir Milenovic 13 oppdrag.

For to år sidan tok eit titals av Trio og Halsnøy sine lovande gutespelarar rekrutteringsdommarkurset. Desse har vi sidan nytt veldig godt av og er hovudgrunnen til at vi greit har kome gjennom dei siste sesongane. Isaac Jørgensen er den einaste av desse som framleis dømmer aktivt, men fleire stiller opp på førespurnad. I løpet av 2016 har både Preben Heimvik, Henning Solheim, Oliver Lygresten og Nikolai Mayer dømt ei handfull kampar kvar i ungdomsfotballen. Dette er til uvurderleg hjelp, då fotballkretsen strevar veldig med å finne dommarar til alle heimekampane til Trio (og naboklubbane). Vona er at dei vi har kan tenkje seg å fortsetje. Også dei som ikkje dømmer aktivt.

No i vinter har fire 15-åringar frå Trio teke rekrutteringsdommarkurset. Dette er Espen Aakre Sjo, Vegard Fausk, Simen Hellevik Lie og Tarmo Tars. Alle desse er aktive fotballspelarar på G16, og om nokon av desse vil satse meir enn å berre vera forfallsdommarar, gjenstår å sjå.

På klubbdommarsida står det relativt bra til. Oddvar Eikenes køyrer årleg før sesongstart eit klubbdommarkurs for 13-14-åringane. Det er ønskjeleg at fotballgruppa gjer dette kurset meir eller mindre obligatorisk for gutter og jenter i desse årsklassane. Vi har hatt 15-20 aktive klubbdommarar gjennom sesongen, og Are Ulseth har fordelt desse på lag, kampar og turneringar, slik at alle skal få brynt seg på eigna nivå. Det er vanleg at mange mistar interessa for å dømme i 15-16 års alder og det ser vi også med 2001-årgangen, der vi har hatt god tilgong på klubbdommarar dei siste åra. Med færre å velge mellom i 2002-03, er det viktig at ein gjer ein innsats for å rekruttere mange nye på årets klubbdommarkurs.

Oddvar Eikenes har fungert som dommarveiledar og kurshaldar med oppdrag i frå Hordaland fotballkrets også i 2016-sesongen. Gjennom sesongen har Oddvar (og Are) avhalde to møter med rekrutteringsdommarane våre.

Veien vidare

Styret er godt fornøgd med utvikling i 2016, men ser at vi har stor belastning på enkelte og må styrke oss administrativt og organisatorisk. Dette håper vi å få til med nytt styre og vidare arbeid i 2017.



Trio Fotball 2020

Er ein prosess som vart starta i november i fjor. Med Håvard Lunde som engasjert innleiar. Hensikten med seminaret var å setja fokus på kor styret føler fotball gruppa er i dag og prøve å peike ut kurSEN fram mot år 2020. Arbeidet er begynt men det er dessverre ikkje komen noko vidare etter den helga slik vi hadde sett for oss. Men arbeidet vil fortsette og vi har allerede peika ut nokre satsings området og tiltak vi vil setje i verk inneverande sesong. Vi ønsker å starte arbeidet med å bli ein Kvalitetsklubb ihht NFF sine krav. Parallelt med dette vil vi starte arbeidet med jente rekruttering spesielt og etablere egen rekruterings strategi. Kursing av våre trenere er starta og vi håper å få 20 stk igjennom del 1 av grasrot trenerekurset, 10 stk gjennom heile grasrottrenere kurset(4 deler) og 2 stk nye B lisens trenere.



Anleggskomitén I.L. Trio

Etter at dei tre store anlegga

- rehabilitering av friidrettsdelen på Husnes stadion med fast dekke og drenering av grasmatta
- turveg i Lunden
- lys i turvegen

var ferdigstilte i 2014, har det vore minimal aktivitet i anleggskomitén i 2015 og 2016. Det har ikkje vore halde møte i komitén i 2016.

Arbeidet i året har stort sett bestått av å vera pådrivar på Kvinnherad kommune for å få ferdig sluttrekneskapen for desse anlegga slik at kalkulerte udisponerte midlar kan fordelast. Dette arbeidet vart ikkje slutført før i februar 2017. Kvinnherad kommune skal betala kr 673.000,- til Trio sin anleggskonto.

OnsdagsGjengen har slutført bygginga av to nye innbytarhus.

Ny kunstgrasbane

"I november 2009 gjorde årsmøte i I.L. Trio fotball vedtak om å søkja Kvinnherad kommune om å få rehabilitera deler av grusbanen og leggja kunstgras. Det er positiv innstilling til dette frå politisk og administrativt hald i kommunen. Trio må ta fatt på dette arbeidet når den nye områdeplanen for skule-, helse- og idrettsområdet på Husnes blir vedteken, truleg i april 2015."....stode å lesa i årsmelding vår i fjor.

...men, me er like langt!

Siste kalkyle for ny kunstgrasbaner er på kr 2.748.800,-. Denne kalkylen skal gjennomgåast med Kvinnherad kommune. Den gamle kalkylen var på kr 1.934.000,-. Begge summane inkl. mva.

Kostnadsauken ligg i endring av storleik (+45%), prisjustering og ballfangarnett på ei kortside og ei langsids.

I tillegg skal formannskapet godkjenna at Trio får nytta areal på grusbanen til idrettsføremål i 40 år. Området er regulert til idrettsføremål. Kvinnherad kommune skal vera eigar av banen.

I september 2015 vart det halde eit møte mellom I.L. Trio og Kvinnherad kommune. Møtereferatet skisserte ei framdrift med arbeidsfordeling mellom partane. Ny kunstgrasbane var og tema på møte mellom partane 5. april 2016. Etterdesse møta har det ikkje skjedd noko før det vart halde eit nytt møte mellom I.L. Trio og Kvinnherad kommune 8. februar 2017. Der var ny kunstgrasbane tema endå ein gong.

I referatet står å lesa:

3. 9`Bane

Trio ynskjer å realisere ein 9`bane ved siden av kunstgrasbanen Kvednabekkjen. Til det ynskjer dei hjelpe frå KK. Som ein del av finansiering kan unytta komp.midlar frå Husnes stadion vera aktuelt. Knut Prestnes sjekkar litt opp i formalitetane for slike overføringer.

Det vart i møte ikkje konkludert med noko vidare planlegging for realisering av slik bane. Dette må fremjast som ei eiga bestillinga og gå gjennom eining for veg og park v/Per Inge Naterstad.

Etter møte har ikkje skjedd noko. Kvinnherad kommune har utspelet.

Det er å vona at ny kunstgrasbane kan stå ferdig i løpet av 2017.

Områdeplan

Områdeplanen for skule, helse og idrettsområdet på Husnes vart vedteken hausten 2014. Områdeplanen fordrar at det må lagast ny reguleringsplan for område som skal takast i bruk til ny storhall.

Ny kafeteria, utstyrssrom og garasje

Det er kjøpt inn ein kontorbrakke frå Hydro Husnes As til dette føremålet for fleire år sidan. Målet var å få den plassert på grusbanen. Dette arbeidet er ikkje utført.

Nytlager/ garasjebrygg ved Triohuset

I.I. Trio har lansert idén om nytt garasjebrygg mellom P-plassen ved Triohuset og turvegen (mot vest). Garasjen var tema på møte 5. desember 2015, 5. april 2016 og 8. februar 2017.

Status for anlegget etter siste møtet er iflg referatet slik:

2. Garasjeanlegg Husnes Idrettspark

I.I. Trio har på oppdrag frå Kvinnherad kommune fått utarbeida eit forprosjekt med teikningar og kostnadskalkyle. Garasjen er tenkt me 12 meter djupne og 20 meter lengde, fordelt på 5 aksar. Garasjen er prosjektert med loftsetasje på 118 m². Sjå vedlagde teikning.

Garasjen er kostnadsrekna til kr 2,4 millionar.

Dei 5 aksane er fordelt med 2 aksar til Trio, 1 akse til utstyr Husnes stadion og 2 aksar til maskinar og utstyr for Kvinnherad kommune.

Garasjen har vore tema på møte med Kvinnherad kommune 5. desember 2015, 5. april 2016 og 8. februar 2017. I møtereferatet frå siste møte står å lesa:

Finansieringsplan

Kr 800 000,- KK

Kr 800 000,- Trio

Kr 800 000,- Spelemidlar

Det er utarbeida eit teikningsutkast og kalkyle for garasjen av Prosjektconsult. Garasjen er tenkt plassert på kommunal grunn ved siden av Trio huset. Ein må avdekke tomte grensene før endeleg plassering.

Garasjen skal eigast av KK.

Viktige avklaringar

KK må sjekke om mva skal tilfalle prosjektet eller om ein skal budsjetttere med mva.

KK må sjekke om kven som skal forskuttere spelemiddeldelen av finansieringa. Forventa utbetaling etter søknad ca. 5 år.

Det kan bli aktuelt at desse avklaringane må fremjast som ei eiga sak politisk.

Framdrift

Prosjektet får nedsett ei eiga gruppe som arbeider vidare med realisering. Desse er: Svein Røyrvik – Trio, Per Inge Naterstad – Veg og park, Knut Bjørgvik – bygg og eigedom og Anne Guri Kildal – prosjekt.

Anne Guri Kildal kallar inn til nytt møte i mars for gjennomgang av teikningar og funksjonar før utlysing.

Deltaking på møte:

Anleggskomiteen, v/leiar, har delteke på ulike møte med Kvinnherad kommune som vist for dei ulike prosjekta ovanfor. Det har i tillegg vore halde uformelle samtalar om dei ulike prosjekta internt i klubben.

Anleggskomiteen:

I anleggskomiteen har desse vore med Roald Teigen, Otto Kolaas, Oddmund Røssland og Svein Røyrvik.

OnsdagsGjengen


Onsdag 12. november 2014 var første treffet for dugnadsgruppa som møter på Trioloftet kvar tysdag kl 10-13. "Gjengen" tek del i ymse dugnadsoppgåver når vèr og oppgåvene er til stades i rett tid. Det møter mellom 15og 20 personar kvar gong.

OnsdagsKGjengen har delteke i bonitering av aktuell tomt for ny idrettshall, nordvest for Kvednabekkjen.


Rapport frå OnsdagsGjengen for perioden 18. november 2015 til 16. november 2016, ligg ved her.

Husnes, 20. mars 2017


Svein Røyrvik (s.)
leiar anleggskomiteen



FAASADE SØR.



SNITT.



FAçADE AUST.

OnsdagsGjengen 18.11.2015 - 16.11.2016:



Gjeremål

Nr.	Deltakar	Gjeremål
1	Roald Teigen	
2	Kurt I. Haugland	
3	Birger Grønstad	
4	Magnar Sundsteigen	
5	Egil Bremerthun	
6	Henning Haga	
7	Kjell Gunnar Almås	
8	Erling Pedersen	
9	Agnar Melkerson	
10	Otto Kolaas	
11	Helge Dahle	
12	Tronn Urdsnais	
13	Kåre Nisseland	
14	Svein Røyrvik	
15	Knut Røyrvik	
16	Kjell Hugo Knutsen	
17	Øystein Skogseth	
18	Jan B. Ingvaldsen	
19	Odd Saltnes	
20	Roy Kronstad	
21	Knut Prestnes	
22	Harald Larsen	
23	Ivar Vaage	
24	Olav Sæbø	
25	Einar Oppedal	
26	Ola Lillesand	
27	Olav Johan Medhaug	
28	Hanne Larsen	
29	Arstein Elk	
30	Oddmund Røssland	
31	Terje Smith	
32	Lars Jostein Rørvik	
33	Arnt Idar Teigen	
34	Henrik Røssland	
35	Aksel Tore Eikeland	
36	Asbjørn Skår	
37	Harald Skoglund	
38	Per Magne Vik	
39	Erlend Larsen	

Sesong:	2	Minst	Mest	21	21	15
Frammøte (45+15):						

Dei 4 store i sesongen:



1	Kurt I. Haugland	Vinterlagring hoppmattene Vevikhuset. Rydding fridrettstutsty. Tekke nett av mål på stadion + nett kastebur. Rive forskaing skiflfundament. 1 års jubileum på Gry Helges. Skrapelodi, dåleg utleiling.
2	Birger Grønstad	Desemberhoppmattene til lager på Hellanstrana.
3	Magnar Sundsteigen	Tilsyn hoppmattene på Risnes, sett inn byggtørkar. Demontering div. før maling i salen på Triohuset. Tekke ned knittavla. Div. planlegging/ førebuing vidare bygging innbytarbuer, montert stolpar + tenkt litt! Deltekje på Trio sin 70 årsdag i Friheim + presentasjon bokprosjekt (75 år).
4	Egil Bremerthun	Januar. Styggaver og innestøa to tysdagar. Montert flere søyler for innbytarbuene og montert treverk. Våsing på Trioloffet. Reparet gjerdetolpar på Kvednabekkjien.
5	Henning Haga	Mars. Malt deler av salen i Triohuset. Tippa topp-3 og 3 siste tippliggene. Byggt på innbytarbuene. Rydding og reinhald i Triohuset. Kjørt boss på SIM. Bygd dørk i eine innbytarbu. Nokre dagar med uvær og innestøa.
6	Kjell Gunnar Almås	April. Bygd dørk i borteste innbytarbu. Div. småjobbar. Montert nett i kastebur. Rep. knust glass i kioski i Tribunehuset. Bygd ferdig vegene på innbytarbuene og montert tak + dekorprofilar på taket. Rydding/demontering av kaserte mål på grushanen. Henta og montert hoppmattene. Ryddja etter lagringa i Vevikhuset. Skaffa pallar til underlag hoppmattene. Justert bord-kledning innbytarbuene for 3. gong!
7	Erling Pedersen	Mai. Montert line og kule i flaggstanga ved Triohuset + retta på fundamentet. Synfaring tomt ny idrettsshall. Hjelpt med støyping av ringmur sandbanen. Bonitering tomt ny idrettsshall. Siste finish innbytarbuene og bygd 2 benker til kvar bu. Ryddja bort utstyr på stadion før djuprens av kunststoffdekket. Sett ut utstyr etter djuprensingen. Noko styggaver og innestøa.
8	Agnar Melkerson	Juni. Tippa vinnar EM i fotball. Slått ved Triohuset og mellom turvegen og grusbanen. Ryddja/fjerna risdjungar ved grusbænen. Førebuing flytting Stora-skiltet fra Senteret. Halvårsamling Gry Helges. Svært vellukka!
9	Otto Kolaas	Juli. Fellesferie.
10	Helge Dahle	August. Styggaver og innestøa to tysdagar. Slått og rydding til Husnes Cup. Kontrollert/montert snorar i alle flaggstengen. Hjelpt til med varemottak og oppsettjing benker i telet til Husnes Cup. Fjerna reklame på tribunestolar. Div. førebuing flytting Stora-skiltet frå Senteret. Diskutert div. oppgåver. Demontert toppen på Stora-skiltet.
11	Tronn Urdsnais	September. Fjerna reklamefolie tribunestolar. Transportert og montert Stora-skiltet frå Senteret til idrettsparken. Skifta vindskibord Triohuset. Påstøyp fundament Stora-skiltet. Lagning hoppmattene på Lundagarden. Innestøa også. Søknad Sp1-stiftinga. Plass til Tivoli???
12	Kåre Nisseland	Oktober. Fjerna gamle innbytarbenker grusbænen. Demontert profilat Stora-skiltet. Forskalling fundament Tufteparken. Støyping Tufteparken. Nytt treverk for reklameskilt Kvednabekkjien. Tippa VM-kvalifik.
13	Svein Røyrvik	November. Demontering profilat Stora-skiltet. Lagra innbytarbenker. Synfaring Tufteparken + oppgåver langs turvegen. Tippa VM-kvalifik mot Tjekkia. Tildelt kr 30.000,- fra Sp1-stiftinga. Generalforsamling Gry Helges 16.11.

IL TRIO - 2016

Regnskap/budsjett: 01.01.2016 - 31.12.2016

ÅRSRESULTAT

Kontonr	Kontonavn	Kontosum
RESULTATREGNSKAP		
Driftsinntekter		
3000	Medlemskontingent	105 701
3001	Salg/provisjonsinntekt	301 500
3002	Pantekasse	
3030	Treningsavgift	197 619
3050	Utleie av Kvednabekkjen	
3200	Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	221 330
3250	Tilskudd fra kommune	186 500
3260	Momskompensasjon	126 102
3320	Stevneinntekter egne arrangementer	6 813
3401	Annen støtte	90 652
3405	Egne lotterier	147 791
3408	Scoringsklubben	
3409	Utført dugnad	190 189
3410	Eigenandel på kampar	7 850
3430	Grasrot	425 249
3440	Grasrot utbetalt til lag	-211 479
3470	Cupar	144 407
3475	Husnes cup	121 228
3476	Deltakarkort Husnes cup	431 350
3480	Tine Fotballskule	92 725
3500	Salg kiosk	88 048
3502	Sal biletta	24 340
3600	Leieinntekter	156 650
3700	Andre driftsinntekter	158 357
3702	Andre gaver	372 000
3703	Eigenandel treningsleir A-lag	
3900	Refusjoner	832
SUM Driftsinntekter		3 385 754
Driftsutgifter		
5000	Lønn/honorarer	-220 134
5400	Arbeidsgiveravgift	-21 434
6010	Ordinære avskrivninger	-27 412
6300	Eiendomskostnader	-1 500
6301	Leige av husneshallen	-39 000
6350	Strøm Triohuset	-52 775
6370	Renovasjon/vatn/kommunale avg	-21 384
6500	Maskiner og utstyr	
6540	Vedlikehald kunstgress	-23 529
6550	Vedlikehold	-372 704
6700	Kontingentutgifter	-2 000

IL TRIO - 2016**ÅRSRESULTAT**

Regnskap/budsjett: 01.01.2016 - 31.12.2016

Kontonr	Kontonavn	Kontosum
Driftsutgifter		
6710	Norges fotballforb. div. utgifter	-19 300
6800	Kontorrekvisita -	
6801	Trykking, kopiering, brosjyrer	
6803	Småanskaffelser	
6804	Data/EDB-kostnader	-1 485
6806	Regnskap/lønnsarbeid	-19 664
6808	Diverse utgifter	
6810	Deltaking cupar	-53 375
6820	Baneleie til Kvinnherad Kommune	-43 500
6830	Husnes cup - utgifter	-261 367
6900	Telefon, mobilfl, fax	-12 285
6901	Porto	-1 210
6910	Premier etc..	
7010	Materiell og utstyr	-304 761
7020	Skadekostnader	-300
7080	Dommarutgifter	-99 275
7100	Reiseutgifter	-452 873
7110	Treningsleir A-lag	
7210	Kontingenter/avgifter til idr org..	-115 586
7250	Stevnekostnader egne arrangement	-13 410
7300	Reklame og annonser	-23 328
7301	Møter, tilstelninger	-88 465
7500	Utgifter kiosksalg	-96 401
7510	Salgs/tilskipingar utg..	-38 532
7550	Forsikringer	-77 525
7600	Bevilgninger/gaver	-20 000
7610	Premiar/statuetter	-7 409
7710	Kursdeltakelse	-41 454
7790	Diverse driftsutgifter	-27 884
SUM Driftsutgifter		-2 601 261
DRIFTSRESULTAT		
		784 493

Finansposter

8040	Renteinntekter	46 333
8140	Renteutgifter og gebyrer	-1 344
8141	Gebyr buypass	-3 074
SUM Finansposter		41 915

RESULTAT FØR SKATTER**826 408**

Konr Kontoavsnitt	Kontosum
Eiendeler	
Anleggsmidler	
1100 Kunstgrasbane	4 471 079
1120 Triohuset	1 343 195
Sum Anleggsmidler	5 814 274
Omløpsmidler	
1600 Lån til hovedlaget	5 050
1910 3460 20 03959 Hovedlag	1 164 358
1911 346011 07513 Skattetrekk	7 255
1915 Turn 3460 20 80066	196 027
1925 7285 20 24160 Symjegruppa	165 642
1930 Volleyball 3460 07 6345	21 873
1935 Volleyball 3460 07 53039	169 503
1940 Bank 3460.10.12083 - Bane	2 127
1950 Kapitalkonto Triohuset	107 262
1960 Driftskonto Triohuset	109 367
1965 Bank Friidrett	4 253
1970 3520.60.02873 - Husnes cup	171 266
1980 3520.59.83552 - Driftskonto Sp.Vest	226 706
1985 3520.61.99138 - Sparek. fotballgruppa	825 617
1995 3520.59.96018 - Særvilkår	1 860 643
Sum Omløpsmidler	5 036 949
SUM Eiendeler	10 851 223
Egenkapital og gjeld	
Egenkapital	
2000 Egenkapital fotballgruppa	9 994 821
2099 Årsresultat (opptj. egenkapital)	826 402
Sum Egenkapital	10 821 223
Kortsiktig Gjeld	
2400 Leverandør, kreditorer	30 000
Sum Kortsiktig Gjeld	30 000
SUM Egenkapital og gjeld	10 851 223

Til årsmøtet i IL Trio

UTTALELSE TIL REGNSKAPET FOR 2016.

Sunde, 23.03.2017

Jeg har revidert årsregnskapet for IL Trio i henhold til Regnskaps- og revisjonsbestemmelser for små organisasjonsledd tilsluttet Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite, kapittel 4.

Årsregnskapet for regnskapsåret 2016 viser et overskudd på kr 826.408,-

Jeg har utført følgende revisjonshandlinger: Gjennomgått bilagsmateriellet og tatt stikkprøver av dette. Sjekket saldoer opp mot bankkontoer. Har også sjekket henføringer av bilag til rapporter.

Jeg mener at dokumentasjonen for regnskapet og regnskapsføringen er i samsvar med idrettens regnskapsbestemmelser, og mener at årsregnskapet for 2016 kan fastsettes som IL Trio sitt årsregnskap for 2016.


Rita Larsen

Revisor



SAK NR 8 – MEDLEMSKONTINGENT

Hovedstyret foreslår følgende medlemskontingent f.o.m. 01.01.2018:

- For barn- og støttemedlem: kr 250
- For aktive medlemmer over 16 år: kr 500
- For Trenere, Oppmenn og Styremedlemmer: kr 150
- Familiekontingent: kr 750
Forutsetningen for å oppnå familiekontingent er min. 1 voksen aktiv / støttemedlem.
Familien må også ha samme adresse.